



VAL

10. og 11. 09.23

## Byglandsnytt nr. 49 – september 2023

Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland tlf. 37934700,  
post@bygland.kommune.no [www.bygland.kommune.no](http://www.bygland.kommune.no)  
Neste utgåve: 29. september 2023. Send tips innan 27.09.

### Opningstider Bygland kommunehus

- Sentralbord/Publikumsmottaket: tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00
- NAV: tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00
- NAV Bygland: drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00

**Evje og Bygland legesenter tlf. 37 40 79 00** - Legevakt tlf. 116 117

telefontider måndag – fredag 08.30 – 11.30 og 13.00 – 15.00

- **Bygland legekontor**, Sentrum 18, 4745 Bygland
- **Evje legekontor**, Ljosheimvegen 5, 4735 Evje

	Bygland	Evje
måndag		08.00 - 15.00
tysdag	08.00 - 15.00	08.00 - 15.00
onsdag	08.00 - 15.00	08.00 - 15.00
torsdag	08.00 - 15.00	08.00 - 15.00
fredag		08.00 - 15.00

**Tannlegeklinikken i Bygland** via Evje tannklinikk tlf. 37 93 01 95  
Sentrum 18, 4745 Bygland, 2. etg. på kommunehuset

**Folkebiblioteket i Bygland** v/ Mari Rygg, tlf. 945 22 025

	Bygland	Byglandsfjord
måndag	11.30 – 15.00	16.30 - 19.00
tysdag	16.00 – 18.00	10.00 – 14.15
torsdag	13.00 – 17.00	

## Politiske møte, sakspapir og protokollar

[www.bygland.kommune.no/innsyn](http://www.bygland.kommune.no/innsyn)

- [Rådet for eldre og funksjonshemma](#): 04.09. kl. 12.00
- [Bygland ungdomsråd](#): 04.09. kl. 15.30
- [Plan, miljø og ressursutvalet](#): 05.09. kl. 09.00
- [Valstyret](#): 11.09. kl. 20.00
- [Levekårsutvalet](#): 18.09. kl. 12.00
- [Formannskapet](#): 14.09. kl. 09.00
- [Kommunestyremøte](#): 21.09. kl. 09.00

## Kunngjeringar

### KOMMUNE- OG FYLKESTINGVALET 2023

#### Utlekking av manntal

Manntalet er lagt ut til offentlig ettersyn fram til **11. september**:

- Publikummottaket på kommunehuset
- Joker
- Coop Ose
- Coop Byglandsfjord

Meir informasjon om manntalet finn du på kommunen si heimeside.

#### Offisielle vallister – kommunestyrevalet 2023

Bygland valstyre har i møte 31.05.23 godkjent vallistene til kommunestyrevalet 2023:

- Arbeidarpartiet
- Høgre
- Pensjonistpartiet
- Senterpartiet

Du finn vallistene på Bygland kommune si heimeside. Dei ligg og tilgjennomsyn på kommunehuset i Bygland.

#### Viktige datoar

**10.08. – 09.09. 2023: Førehandsrøysting - Kommunestyre- og fylkestingsval 2023**

I perioden 10. august til 09. september kan du førehandsrøyste.



Stad: Publikumsmottaket på Bygland kommunehus

Tid: Kvardager kl. 10.00 - 14.00

## Valdagar på Bygland: søndag 10. og måndag 11. september 2023

	<b>Byglandshallen</b> Sentrum 40 4745 Bygland	<b>Årdalshallen</b> Setesdalsvegen 2014 4741 Byglandsfjord
<b>søndag 10.09.</b>	14.00 – 18.00	14.00 – 18.00
<b>måndag 11.09.</b>	12.00 – 20.00	12.00 – 20.00

Adresse: Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland

Vi viser til dokumenta som ligg på Bygland si heimeside.

**Bygland kommune sine aktuelle kunngjeringar finn du her:**

[www.bygland.kommune.no/kunngjeringar.522076.nn.html](http://www.bygland.kommune.no/kunngjeringar.522076.nn.html)


### Anna statleg informasjon

#### **Datoar for passbilen 2. halvår 2023**

Passbilen kjem til Evje **21.09.** og **30.11.**

#### **Pass og ID-kort**

På passbilen kan du få utferda anten pass, ID-kort eller begge delar. ID-kortet gjeld som pass i Europa (Schengen-området) og er godkjent legitimasjon i alle høve i Noreg.



ID-kortet er gyldig i 5 år, medan passet er gyldig i 10 år (for vaksne).

For timebestilling og informasjon om prisar m.m., sjå [www.politiet.no](http://www.politiet.no), eller du kan ta kontakt med politistasjonen på Evje.

### Ledige stillingar i Bygland kommune

#### **Bygland kommune, Drift og Forvaltning: Ledig stilling som fagarbeidar-byggdriftar/vaktmeister**

Vi har ledig ei 100% fast fagarbeidarstilling som byggdriftar/vaktmeister.

**Søknadsfrist:** 18.09.2023

**Webcruiter-ID:**4688133675



Stillinga skal primært bidra til arbeidsoppgåver relatert til drift, vedlikehald og utvikling på Bygland oppvekstsenter ( skule og barnehage ) med Byglandshallen og kommunehus, men også på andre kommunale bygg og eigedomar.

### Kontaktinformasjon

Kjell Øyvind Berg  
Tenesteleiar Drift og forvaltning  
Telefon:+47 37934052

### Byglandsfjord og Bygland oppvekstsenter: Tilkallingsvikarar ved Byglandsfjord og Bygland oppvekstsenter

**Søknadsfrist:** fortløpande

Vi treng vikarar både ved skulane, i barnehagane og på SFO. Det er ønskeleg med utdanning som lærar, barnehagelærar eller fagarbeidar, men ufaglærte kan òg søkje.

For nærare informasjon, kan du ta kontakt med:

- **Bygland barnehage - Sigrid Greibrokk:**  
sigrid.greibrokk@bygland.kommune.no
- **Byglandsfjord barnehage - Siw Homme:**  
siw.homme@bygland.kommune.no
- **Bygland skule og SFO - Lene Fjerdingsstad:**  
lene.fjerdingsstad@bygland.kommune.no
- **Byglandsfjord skule og SFO – Linda Hemmestad Dale:**  
linda.dale@bygland.kommune.no

### Nye kollegaer i Bygland kommune

- **Kenneth Fyhn** er tilsett i stilling som trivselskoordinator på Byglandsheimen. Kenneth er fysioterapeut og har arbeidd i Bykle dei siste 10 åra. Han byrjar i stillinga 06.09.
- **Vidar Landås** starta i stilling som fagarbeidar / vaktmeister på Byglandsfjord oppv. senter og driftsoperatør VA no i vår.
- **Svenn Uleberg** byrjar i stilling som fagarbeidar med hovudansvar for Byglandsheimen 04.09.
- **Rita Skjeggedal** støtter Økonomi-teamet i ei 60%-stilling.
- Nye kollegaer ved oppvekstsentra sjå s. 11.



## Drift og forvaltning

### Informasjon om feiing 2023

Setesdal brannvesen IKS har sendt ut informasjon til innbyggerane om feiing.



Setesdal brannvesen IKS har leigd inn feiermester Frank Bertelsen for å utføre feiing i store delar av Bygland for året 2023.

Utføringa av feiing blir gjort etter Setesdal brannvesen IKS si rutine for feiing. Det medfører at varsling vil skje via SMS eller ved brev, og det vil bli registrert i Setesdal Brannvesen IKS sitt fagsystem.

Innbyggerane har tilgong til historikken gjennom "Min eigedom" på kommunen si heimeside.

Avtalen med Frank Bertelsen gjeld kun feiing av bustadhus. Ansvar for feiing av fritidsbustadar/hytter eller tilsyn av bustad ligg framleis hos Setesdal brannvesen IKS.

Frank Bertelsen har fått ID-kort frå brannvesenet slik at han kan identifisere seg.

#### **Kontakt:**

Frank Bertelsen

Dagleg leiar

T: 991 53 4067; E: [post@feiermesterfb.no](mailto:post@feiermesterfb.no)

### **Andre nyheiter frå DoF**

- Gjennom sommaren så har me hatt hjelp av 9 skuleungdomar i alderen 16 – 20 år som har arbeidd med ulike vedlikehaldsopdrag på bygg og eigedom. Erfaringa frå i år er som tidlegare år. Me har bare flinke ungdomar og det er rett å slett triveleg å bli kjende med dei. Dei utfører mykje me elles ikkje når med dagens bemanning, og ynskjer at ordninga held fram til neste år.
- I vår fekk Marwan Ahmad Alkadi fagbrev som byggdriftar etter læretida ved uteseksjonen. Dette er første lærlingen ved eininga vår, og me er litt stolte alle saman for at dette blei så vellukka. Me ser føre at me kan halde fram med å take inn lærlingar i framtida i dette faget.

- Mange frivillige har også bidregge inn til å halde ulike plassar i kommunen i stand. I Bygland sentrum har frivillige yt hjelp på grøntareala i sentrum og på Prestneset. På stasjonsområdet

på Byglandsfjord er det også frivillige som gjer ein formidabel innsats med å halde området rundt bygga i veldig fin stand. Det skjer også frivilljug arbeid tilknytt Grendi gamle skule og Åraksbø gamle skulehus.

- Diverse vedlikehaldstiltak og tilpassingar på bryggene og bygget til dampbåten Bjoren er og blitt gjennomført. Her er også ein gjeng av entusiastar med praktisk kunnskap som er veldig gode å få hjelp av.

Tusen takk til alle friviljuge som bidreg.

- På stasjonsområdet på Byglandsfjord er det god gang i arbeid med å rehabilitere Priveten.

Fleire bidreg inn i dette, og Gunnar Haugå på uteseksjonen er prosjektleiar. Målet er at til vår igjen, så vil den stå ferdig nymåla og med ny pipe etter dei antikvariske prinsippa som arbeidet skal skje etter. Malemester Stein Knut Horverak vil også dei neste vekene take fatt på arbeidet med å vaske og måle verkstadbygget på stasjonsområdet.

- På kommunale vegar er uteseksjonen no i gang med å gjennomføre kant – og vegetasjonsrydding. Det skal også gjennomførast ein meir omfattande hovudkontroll (kvart 5 år ) på dei 14 bruene kommunen har ansvaret for. Safecontroll AS skal gjere denne inspeksjonen. Diverse andre mindre utbetringar på kommunale vegar har blitt utført, og noko stikkrennearbeid blir utført utover hausten

## Plan, bygg og eigedom

**Kommuneplanen sin arealdel er ute på høyring. *Vi minner om at fristen for å kome med innspel er 12.09.***

Plan-, miljø- og ressursutvalet har vedtatt å sende planforslag til kommuneplanen sin arealdel 2023-2035 på høyring og legge han ut

til offentleg ettersyn. Dette i medhald av plan- og bygningslova § 11-14.

Har du innspel til høyringsforslaget? Høyringsfrist er **12. september 2023.**



Send inn ditt høyringsinnspel ved å nytte det digitale skjemaet på Bygland kommune si heimeside. NB! Personensitive opplysningar må ikkje bli oppgitt i skjemaet.

### **Kva skjer etter at du har sendt innspel?**

Etter høyringa vurderer kommunen alle innspela. Da kan planforslaget bli endra, eller gå uendra vidare til politisk behandling, avhengig av kva for innspel som kjem inn. Alle innspela blir lagt ved planen slik at politikarane kan lese innspela.

På heimesida finn du alle dokument i denne saka. M.a. :

- Plandokumenta som er på høyring og offentleg ettersyn
- Digitalt plankart
- Trykte temakart
- Grunnlagsdokument som er brukt i arbeidet med planforslaget

Sjå også: [bygland.kommune.no/kommuneplanen-sin-arealdel-paa-hoeyring.6612201-522036.html](http://bygland.kommune.no/kommuneplanen-sin-arealdel-paa-hoeyring.6612201-522036.html)

## **Helse**

### **Evje og Bygland legesenter avd. Bygland opnar att 5. september**

Det vil vere ope tysdagar, onsdagar og torsdagar kl. 08:00 - 15:00.

Fastlege ved kontoret vil vere Åsulv Horverak.



Du bestiller time som vanleg ved å ringe Evje og Bygland legesenter på telefon 374 07 900 eller ved å logge inn på [www.helsenorge.no](http://www.helsenorge.no).

### **Nye fastlegar på veg inn på Evje og Bygland legesenter**

Før sommaren sa fleire av fastlegane ved legesenteret opp stillingane sine til fordel for nye karrieremoglegheiter. I haust er nye fastlegar på veg inn – i tillegg til eit allereie kjent fjes.

For i tillegg til to nye fastlegar ved Evje og Bygland legesenter, kjem tidlegare kommuneoverlege Åsulv Horverak til å halde fram med pasientkontakt ved legesenteret. Han har inngått avtale som privatpraktiserande lege, og kan ta inn endå fleire pasientar enn før, no som han ikkje lenger er kommuneoverlege i Evje og Hornnes og Bygland. Han held fram med å ha pasientlista si, og vil etter kvart også auke talet på plassar på denne.

Han held også fram som tilsynslege på dei tre sjukeheimane i Evje og Hornnes og Bygland.

### Startar i september og november

Den første nye legen som startar ved legesenteret, er Farshid Heybaran. Han startar 4. september, og kjem til å overta pasientlista som tidlegare fastlege Nektarios Apostolou hadde. Heybaran kjem frå ei stilling som overlege og spesialist i akuttmedisin ved Skien sjukehus. Han er no i innspurten med å avslutte spesialistutdanninga si innan allmenntillegemedisin.

Den neste nye legen som har takka ja til ei stilling ved legesenteret, er Håkon Homme, som kjem frå ei stilling ved medisinsk avdeling ved Sørlandet sjukehus Kristiansand. Han har første dag på Evje og Bygland legesenter 1. november, og kjem til å overta pasientlista som Eirin Emaus hadde.

Begge desse fastlegane vil ha ledig plass på pasientlistene sine når dei startar opp.

### Synleg på helsenorge.no

Registreringa av dei nye fastlegane er melde inn til Helfo, og vil etter kvart bli synlege på pasientane si side på [www.helsenorge.no](http://www.helsenorge.no). Dei som tidlegare hadde Nektarios Apostolou og Eirin Emaus som sin fastlege, vil få melding om at dei har fått ny fastlege når dei nasjonale systema blir oppdaterte. Då desse berre blir oppdaterte første dag i kvar månad, kan det derimot ta litt tid. Dette er ikkje noko legesenteret kan påverke. Det blir styrt av systema til Helfo.

Når det gjeld dei pasientane som hadde Anette Skarshaug Skeie som sin fastlege, blir ikkje desse overført til ei ny liste automatisk. Pasientar blir tilrådde å logge inn på [www.helsenorge.no](http://www.helsenorge.no) og byte til den fastlegen ein ønskjer, som har ledig kapasitet.

### Byte fastlege

Ønskjer ein å byte fastlege til ein annan enn den ein har/får, kan dette gjerast ved å logge inn på si side på [www.helsenorge.no](http://www.helsenorge.no). Ein føresetnad for å få den fastlegen du ønskjer, er at han/ho har ledig plass på pasientlista si. Kva fastlegar som har ledig plass, kan du sjå på [www.helsenorge.no/bytte-fastlege](http://www.helsenorge.no/bytte-fastlege).

Dei som ønskjer å byte fastlege via telefon, og ikkje via internett, kan ringe Helsenorge på telefon 23 32 70 00.

Eit fastlegebyte er gyldig frå første dagen i månaden etter at bytet er utført.



## Overtek som kommuneoverlege mellombels

Ann-Margret Haaland fungerer som kommuneoverlege for Evje og Hornnes og Bygland inntil ny kommuneoverlege er tilsett. Ho er godt kjend i Setesdal, mellom anna gjennom samarbeid i helsenettverk. Ho er også kommuneoverlege i fleire andre kommunar i Agder.

## LMT Setesdal - Interkommunal audiograf

Caroline Dankworth er interkommunal audiograf som saman med hørselskontaktane frå kommunane i Setesdal, har oppretta eit hørselsteam som har som formål å tilby innbyggjarar saumlaus hørselshjelp av god kvalitet.



## Kommunebesøk og kurs

Onsdagar og fredagar frå kl. 08 – 15.00

- Service, samarbeid m/hørselskontaktar og helsepersonell i kommunane:

	EVJE OG HORNNES	BYGLAND	ÅSERAL	VALLE	BYKLE
<b>Sept.</b>	1	29	22	20	20
<b>Okt.</b>	6	13	20	18	18
<b>Nov.</b>	10	3	24	22	22
<b>Des.</b>	8	15	20	13	13

Ta kontakt med hørselskontaktar for møte med audiograf under kommunebesøk.

Timebestilte avtarar hos audiograf ved Evje Legesenter

Torsdagar frå kl. 08 – 15.00

Kontakt Hørselssentralen i Arendal frå kl. 09.30-11.30: + 47 38 07 32 25

- Hørselstestar og justering av høyreapparat (følger frikort).

Drop-in service hos audiograf ved Evje Legesenter

Torsdagar frå kl. 15 – 16.00

NB! Nytt høgre inngang merka «Legevakt»

- Korte 10 min konsultasjonar: hørselsrelatert informasjon, reparasjon av høyreapparat, avtrykk til nye proppar (høyreapparat, symjing, jakt).

- Ingen oppmøteavgift for innbyggjarar av dei 5 nemnde kommunane, men kostnader for sending av forbruksmateriell + apparat/avstøyp til nye proppar kan finnast.
- 250 kr oppmøteavgift for innbyggjarar frå kommunar utanom dei 5 nemnde kommunane (følgjer ikkje frikort).

## HØYRSSELSKONTAKT I BYGLAND

Anne Marie Ingebretsen

Adresse: Prestlidi 68, 4745 Bygland

E-post: [anne.ingebretsen@bygland.kommune.no](mailto:anne.ingebretsen@bygland.kommune.no)

Tlf.: 95 70 45 55

Måndagar 8 – 15 (oddetalsveker)

## Oppvekst

### Nytt frå oppvekstsektoren i Bygland

Skuleåret 2023/24 har starta! 😊

Arbeidet med å bygge ein einskapleg oppvekstsektor held fram. Føremålet er å skape eit



fagleg og sosialt fellesskap som er berekraftig for framtida, og som står saman om oppdraget Oppvekst 0-16. På oppvekstsentera prøver ein framleis ut ny leiingsstruktur, med ein tenesteleiar og fire assisterande tenesteleiar – ein på kvar skule og barnehage, og felles merkantil for begge oppvekstsentera. I tillegg vidareutviklar ein samarbeid og fellesskap på tvers av fagområde for å ha ei tverrfagleg og heilskapleg tilnærming til felles utfordringar. Ei arbeidsgruppe med tilsette og tillitsvalte skal drive arbeidet framover, og evaluere undervegs.

Både skule, barnehage og PPT arbeider med den nasjonale satsinga Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. På skulen satsar ein på kompetanseheving innan dysleksivennleg undervisning. I barnehagen er Tidleg innsats, med førebygging av åtferdsvanskar og omsorgssvikt, ei viktig satsing.

Ved oppstart av skule- og barnehageåret 2023-2024 er det 77 elevar på Bygland skule, og 57 elevar på Byglandsfjord skule. I Bygland

barnehage er det 21 barn og i Byglandsfjord barnehage er det 11 barn, og fleire startar opp i løpet av hausten. Å blir kjent med kvarandre og utvikle vennskap er det vi fokuserer på i oppstarten av skule- og barnehageåret. Vi reiser på bli-kjent-turar for å bygge klassemiljø, for å bli kjent på tvers, og for å bli kjent i nærmiljøet vårt. Det er viktig for barn og vaksne på Bygland og Byglandsfjord å bli kjent med kvarandre. Kvar tysdag reiser 7. klasse på Byglandsfjord til Bygland for å ha læringsaktivitetar i lag.

Datoar:

- 01.09. Arkeologidag på Bygland skule, med besøk frå Kulturhistorisk museum. Elevar og tilsette skal få sjå og lære om gamle og spennande gjenstandar.
- 04.09. Foreldremøte for Bygland skule.
- 05.09. Foreldremøte for Byglandsfjord skule.
- 07.09. Bygland skule får besøk av politikarar som stiller til debatt, før vi gjennomfører skuleval. Dette er ein viktig del av opplæringa i demokratiske prosessar.
- 12.09. Foreldremøte for Bygland barnehage og SFO.
- 14.09. Foreldremøte for Byglandsfjord barnehage og SFO.
- 22.09. Vi markerer BlimE-dagen, med felles dans.

Haustferie for skulane er i **veke 40 frå 2. til 8. oktober.**

Det har vore endringar i personalgruppa, og fleire nyttilsette i sektoren:

- o Siw Homme er konstituert assisterande tenesteleiar ved Byglandsfjord barnehage.
- o Linda Hemmestad Dale er fast tilsett som assisterande tenesteleiar ved Byglandsfjord skule frå 01.08.2023.
- o Siv Vivian Iversen er fast tilsett lærar ved Byglandsfjord oppvekstsenter frå 01.08.2023.
- o Anja Aaberge er fast tilsett pedagogisk leiar i Bygland barnehage frå 01.08.2023.

- o Johanne Anseth er fast tilsett fagarbeidar i Bygland barnehage frå 01.08.2023.
- o Merete Abusland Nilsen arbeider 100 % merkantilt på begge oppvekstsentera.

### **Glimt frå dei ulike skule-arrangement:**

*Til høgre: Bli kjent-tur for 7. klasse på Bygland og Byglandsfjord.*

Elevane gjekk på overnattingstur til Ragnarok, eventyrleikeplassen ved Reiårsvatnet. Der laga dei mat i kokegruve og på bål.

Så blei foreldrane invitert til turmiddag. 😊



### **Arkeologidagen**



Alle bilete: S. Hegenscheidt

### **Valopplæring på kommunehuset**



7. klasse på Bygland fekk innsyn i fylkesting- og kommunalvalet. Bygland kommune sin valansvarleg, Rune Larsson, forklarte korleis valet fungerte og kvifor det er viktig for demokratiet å delta i val.

### **Kultur**

#### **Viktig informasjon til dei som har søkt om kulturmidlar**

Det viser seg at vi har hatt tekniske problem i samband med overgang til ny skjemaoppløysing.

Det kan sjå ut som at vi ikkje har mottatt alle søknadane sjølv om søkar har fått kvittering på at søknadsskjemaet er sendt.

Vi har sendt brev til alle lag og organisasjoner som vi har mottatt søknadar frå, og vi bed om at alle som har søkt sjekkar om de har fått brev frå oss.

Om du veit at ditt lag har søkt om kulturmidlar og ikkje har fått brev frå oss med vedtak, bed vi om at du sender inn søknadsskjema på nytt.

Er du usikker på om du har fått brevet eller om vi har motteke søknaden, bed vi om at du tar kontakt med kommunen anten via telefon 37 93 47 00 eller på e-post: [post@bygland.kommune.no](mailto:post@bygland.kommune.no).

Vi er lei oss for at dette har skjedd, og at det medfører ulemper for søkerane!



## **Kyrkjene i Bygland**

### **Bygland Kyrkjelege Fellesråd**

Sentrum 18, 4745 Bygland

[bygland.kyrkelyd.no](http://bygland.kyrkelyd.no) og på Facebook.

### **Kontakt**

Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472

Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711

Prostidiakon: Åse Gudrun Thortveit: 916 85 159

### **Gudstenester (med atterhald)**

- søndag 03.09. kl. 16.00: Gudsteneste i Bygland kyrkje v/ Kristina Grundetjern
- søndag 17.09. kl. 16.00 Gudsteneste med dåp i Sandnes kyrkje, Åraksbø v/ Rune Stormark
- laurdag 23.09. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp i Sandnes kapell v/ Kjell Steinbru

### **Andakter på Byglandsheimen**

- tysdag 05.09. v/ Tove Tveitå
- tysdag 19. 09. v/ Kjell Steinbru

### **Soknerådsvil i Bygland og Årdal sokn**

Førehandstemming 10.08.2023 - 08.09.2023 mellom kl. 10.00 - 14.00, publikumsmottaket på Bygland kommunehus

### **Nominasjonskomiteens liste:**

1. Ann-Cecilie Andersen, f. 1969, Bygland



*Bilete: Bygland kyrkje av Susanne Hegenscheidt*

2. Gro Tove Frafjord Sandnes, f. 1974, Sandnes
3. Tor Austad Bjørgum, f. 1990, Austad
4. Øivind Aakhus, f. 1961, Bygland
5. Susanne Beate Ulrike Hegenscheidt, f. 1970, Åraksbø
6. Christina Ahlsrød Besteland, f. 1970, Langeid
7. Astrid Carlsen, f. 1978, Jordalsbø
8. Solfrid Vestrom, f. 1969, Grendi
9. Even Simensen, f. 1985, Bygland
10. Henny Nordbø, f. 1963, Lauvdal
11. Liv Sigrun Upsal, f. 1967, Byglandsfjord

### Arrangør: Bygland og Årdal sokn

### Den nye prostidiakonen Åse Gudrun

#### Thortveit presenterer seg:

«Jeg heter Åse Gudrun Thortveit og har nettopp begynt som prostidiakon i Bygland, Valle og Bykle. Det er en stilling som Per Emanuelen har hatt i til sammen ca. 16 år.

I stillingens arbeidsbeskrivelse skal diakonen ha fokus på ensomhet, rus, psykisk helse, relasjonsutfordringer og sorg.

Jeg kommer gjerne på besøk om du ønsker det, og starter en sorg/samtalegruppe hvis det er noen som ønsker det.

Ta gjerne kontakt på mob. 916 85 159.»



*Bilete: Prostidiakon i Bygland, Valle og Bykle Åse Gudrun Thortveit. Fotograf: Susanne Hegenscheidt*

### Bygland Frivilligsentral

**KONTAKT:** *Bygland frivilligsentral, Sentrum 18, 4745 Bygland, e-post: [post@bygland.frivilligsentral.no](mailto:post@bygland.frivilligsentral.no). Nettside: [bygland.frivilligsentral.no](http://bygland.frivilligsentral.no)*



**INFO:** Olav Grendstad er vikar for Anne Fauske på BUA. Friviljuge vil vere engasjerte med Olav som ansvarleg. Alt av spørsmål kan bli retta til han, tlf. 906 65 459.

Ved andre spørsmål ta kontakt med leiar samfunnsutvikling/assisterande kommunedirektør Aslak Brekke, tlf. 916 93 675.

#### Opne aktivitetar:

- BUA Bygland (tidlegare Utstyrssentralen), [bua.io](http://bua.io), tlf. 94 50 28 58

- Utkøyring av middag to gonger i veka

### Aktivitetar på Bygland frivilligsentral:

- Språkkafé 12. og 26.09. kl. 12.00
- Bingo 12. og 26.09. kl. 18.00
- Strikkekafé: 07. og 21.09., kl. 18.00
- Tysdagkafé: 05. og 19.09. kl. 12.00
- Bygdemiddag: 05. og 19.09. kl. 16.30 – 18.00
- Styrtetrening: kvar torsdag kl. 13.00 – 14.30, Byglandshallen

### Bygland ungdomsklubb (ikkje i skuleferien eller høgtider)

**mån:** 18.30 - 20.00, 5. - 7. kl. (Byglandshallen)

**mån:** 20.00 - 22.00, 6. - 10. kl. (Byglandshallen)

**ons:** 19.00 - 22.00, 8. kl.-VGS (Byglandshallen)



**Fredagsklubb:** 18.00 - 21.00, 5. -7. kl. i Årdalshallen på Byglandsfjord.

**Dato:** 29.09.

*OBS! Det er ingen laurdagsklubb på Bygland (Byglandshallen) denne haust. Følg med på ungdomsklubben sin facebook-side.*

### Tømekalender for Bygland kommune – september 2023

- *Papir og plast:* veke 36: tysdag 05.09.
- *Matavfall og glass/metall:* veke 36: torsdag 07.09.
- *Matavfall og restavfall:* veke 38: torsdag 21.09.

### Gjenvinningsstasjonar

**Nesmoen, Bygland:** kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (13.09.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (23.09.)

**Syrteit:** Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (09.09.)  
Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS. e-post: [post@smg-iks.no](mailto:post@smg-iks.no) heimeside: [www.smg-iks.no](http://www.smg-iks.no), tlf.: 37 93 17 00

### **Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 49:**

*Bilete: Framside: Hovatnet av Susanne Hegenscheidt.*

*Innhald (m. m. anna er spesifisert): pixabay.com, S.*

*Hegenscheidt, Anne Fauske. Kva skjer: Olav Grendstad.*

*Takk til alle fotografar!*



*Redaksjon: Susanne Hegenscheidt. Korrektur: Sonja Lien Skjevraak. Byglandsnytt oktober 2023: 29.09., skrivefrist 27.09.*


## KINO PÅ BYGLAND

Bygdekinoen på Bygland kulturscene – onsdag 20. september 😊

kl. 17.30: Kven er du, Mamma Mø?

### OMTALE

Når Mamma Mø blir inspirert til å lage sin heilt eigen mø-sikal, gjer ho tilfeldigvis ein stor del av han sjølv. Veslebror sin kosebamse forsvinn under mystiske omstende og alt er Mamma Mø sin feil. "Kan du ikkje berre vera ei vanleg ku?" undrar Kråka - "Då skjer det ingenting!" Men det er akkurat det Mamma Mø vil - ho elsker når det skjer ting! Ikkje berre slike triste ting. Saman byrjar Mamma Mø og Kråka å følgje sporet til den sakna kosebamsen.



**BILLETTPRIS:** 110 kr

### FILMFAKTA

Regi: Christian Rytenius. Språk: norsk. Produksjonsår: 2023. Sjanger: Animasjon / Barnefilm. Nasjonalitet: Sverige. Lengde: 1t. 6min. Tillate for alle.

**Kl. 19.30: Mission: Impossible - Dead Reckoning - Part One (12 år)**

### OMTALE

Det sjuande kapittelet i Mission: Impossible-serien, med spektakulære scener frå vestlandet! Ethan Hunt (Tom Cruise) og IMF-teamet hans må jakte på eit farleg våpen før det fell i feil hender. Rebecca Ferguson, Ving Rhames, Simon Pegg og Henry Czerny returnerer i action-franchisen, medan Vanessa Kirby, Hayley Atwell, Pom Klementieff og Cary Elwes er nye tilskot på rollelista. Filmen er delvis skoten på location i Åndalsnes og Hellesylt.



**BILLETTPRIS:** 130 kr.

### FILMFAKTA

Regi: Christopher McQuarrie. Produksjonsår: 2023  
Skodespearalarar: Tom Cruise, Ving Rhames, Henry Czerny, Simon Pegg, Rebecca Ferguson, Vanessa Kirby, Frederick Schmidt, Hayley Atwell  
Sjanger: Action / Eventyr / Thriller. Nasjonalitet: USA. Lengde: 2t. 43min.



**Bygland Filmklubb - laurdag 09.09.**  
**kl. 19.00: Blues Brothers (1980)**

**Billettpris:** 50 kr

**Alder:** 18 år

**Stad:** Ungdomshuset på Bygland



## YMSE

**STOGA kulturkafé og BYGLAND  
TURISTKONTOR**, Presteneset 10,  
4745 Bygland, tlf. 907 81 105

- open søndagar kl. 11.00 – 19.00

På turistkontoret får du

- kart over Bygland og turar
- informasjon om fiske og kvar du kan kjøpe fiskekort i Bygland
- informasjon om bomvegar i Bygland (som er opne mot betaling)
- kaffi, vaflar, toast, is, avisar og Setesdal-bøker



*Bilete: Olav Grendstad*

## **BYGLAND MUSEUM**

Presteneset, Bygland

Omvisingar kan ein boke via Stoga kafé

*Bygland museum er del av Setesdalsmuseet*



## **STOGA**

**Avslutningsfest #bygland23, 25.08.**

Festen med premieutdeling, servering og litt show feira turgleden i dalstrøka, den fine naturen vi har og kor godt det er og kome seg ut.

**Resultatet av prosjektet** er over 50 deltakarar med til saman over 200 toppnoteringar og 5 stykk som tok alle 23!



*Fjøl laga av Harald Stulien  
Robstad. Foto: S. Hegenseid*

**Dikt- og songkveld** – laurdag 16.09. kl. 19.00. Med Knut Olav Daasvatn (dikt og gitar), Rita Flottorp (song) og Oddbjørn Aardalen (dikt)



**BTW - Bygland teater workshop** for unge.  
Torsdagar kl. 15.00 – 17.30. Instruktører:  
Olav Grendstad, Astrid Carlsen og Karna  
Emblemsvåg. Oppstart: 07.09.



## **BJOREN BRYGGE** på Presteneset på Bygland

**NRK Sørlandssendinga** – tysdag 05.09. kl. 06.00 – 09.00. Bl. a. med  
Anne Eikerapen (H), Knut William Bygland (PensjonsP), Tor Kasin (SP) og  
Runar Granheim (AP); Gro Tove Frafjord Sandnes, Jørund Kvaale Hansen  
og Olav Grandstad. *Opptak til sendinga ligg på [radio.nrk.no](http://radio.nrk.no)*

*Bilete: Gro Tove  
Frafjord Sandnes frå  
Bjoren Brygga med  
programleiarer i  
Sørlandssendinga Anne  
Torhild Nilsen og Eirik  
Damsgaard.  
Fotograf: S.  
Hegenscheidt*



**Kong Hanes Eftt** – kvar onsdag kl. 19.30 i  
musikkrommet på Bygland skule (OBS!  
tysdag 05. istedenfor onsdag 06.09.)

**Byglandsfjord barnekor** – annankvar  
måndag kl. 17.00, Fredheim bedehus,  
Byglandsfjord (11. og 25.09.)



**Bygland Hornmusikk** – kvar tysdag kl.  
18.00 på Bygland kulturscene

**Bokkafé** – kvar tysdag kl. 12.00 på  
biblioteket på Byglandsfjord



**Leirdueskyting 2023** – Bygland Jeger- og  
Fiskarlag inviterer til leirdueskyting kvar  
onsdag kl. 18.00 på Bygland leirduebane.

*Foto: Bygland Jeger- og Fiskarlag*




## YMSE GLIMT

Natt i naturen, 02.09.: Hengekøyetur med Framsteg 4H på Heistadmoen. Bilete: Pål Moi/Bygland Framsteg 4H



Lislefarmen 2023 og Generasjonsleikane, 02.09. Presteneset





## KVA SKJER I BYGLAND?

**SEPTEMBER 2023**

(med atterhald om endringar)

«Takk for i år, Bjoren!»

DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	ARRANGEMENT
onsdag 06.09.	Bygland leirduebane	18.00	Leirdueskyting 2023
laurdag 09.09.	Bygland filmklubb, Ungdomshuset, Bygland	19.00	Film: Blues Brothers (1980, 18-årsgranse)
<b>sundag 10.09.</b>	<b>Bygland kommune; Byglandshallen og Årdalshallen</b>	<b>14 - 18</b>	<b>Fylkestings- og kommunestyrevalet 2023</b>
<b>måndag 11.09</b>		<b>12 - 20</b>	
onsdag 13.09.	Bygland leirduebane	18.00	Leirdueskyting 2023 Bygland Ungdomsklubb på leirdueskyting
laurdag 16.09.	Stoga kafé, Bygland	19.00	Dikt- og songkveld
sundag 17.09.	Sandnes kyrkje, Åraksbø	16.00	Gudsteneste med dåp
måndag 18.09.	Bygland Ungdomsklubb, KVS	18.30	Ridekveld på KVS
onsdag 20.09.	Bygland leirduebane	18.00	Leirdueskyting 2023
	Bygdekinoen på Bygland kulturscene	17.30	Film: Mamma Mø
		19.30	Film: Mission Impossible – Dead Reckon (12 år)
laurdag 23.09.	Sandnes kapell, Sandnes	11.00	Gudsteneste med dåp
onsdag 27.09.	Bygland leirduebane	18.00	Leirdueskyting 2023
fredag 29.09.	Bygland Ungdomsklubb, Byglandsfjord	18– 21	Fredagsklubb for 5.-7. klasse i Årdalshallen

*Bygland frivilligsentral sine aktivitetar sjå s. 15*